



Til alle frivillige lag og organisasjonar i Meland!

## KULTUR OG FRIVILLIG POSTEN

Tysdag 23.september inviterte Frivilligsentralen og tenesteområde kultur alle lag og organisasjonar i Meland til Frivilligforum. TAKK til alle som stilte. Det var eit positivt og konstruktivt frivilligforum med mange gode innspel som vi vil ta med oss vidare.

Saklista var lang – me lovar å gjere den kortare til neste frivilligforum – og me lovar å legge inn tid til mingling – her eit kort samandrag av nokon av sakene:

**Frivilligmelding:** Meland kommune skal i løpet av denne hausten i gong med å utarbeide ei frivilligmelding for Meland kommune. Det går brev ut til alle organisasjonane i haust/vinter der vi ber om tilbakemelding på bl.a. type aktivitet, medlemstal, lokaler osb.

### Den Internasjonale Frivillighetsdagen:

5.desember er den internasjonale frivillighetsdagen. Vi håper at de vil markere den i Meland. Verdien av frivillig innsats er formidabel og me syns det er vel verdt å feire dei frivillige.

I frivilligforumet lodda vi stemninga for å setje ned ei gruppe som skal diskutere og komme med forslag om korleis vi kan feire den i Meland. Desse meldte seg til å vera med i gruppa: Trond Morten Træet frå Solglytt, Sølvi Knudsen frå Myrtveit bygdehus og ordførar Nils Marton Aadland. Me ønskjer fleire med i gruppa – **Vil du/de være med?** Ta kontakt med Meland Frivilligsentral.

### Korleis bygge stadsidentitet:

*«Norske landskap er en viktig del av folks identitet. Vakre, stimulerende og identitetsskapende omgivelser med god tilgjengelighet, tilgang til sosiale møteplasser, muligheter for rekreasjon i naturpregete arealer og med bebyggelse preget av tradisjon og fornyelse i godt samspill, er viktig for mange og kan virke helsefremmende. Tjenesten «stedsidentitet» i MA viser til hvordan mange setter pris på bestemte sider ved ulike steder, og hvor deler av dette er forbundet med bestemte sider ved miljøet generelt og økosystemene spesielt.» Henta frå Regjeringa NOU 2013: Naturens goder – om verdier av økosystemtjenester, 5.6.3 Stedsidentitet*

Eg har budd i Askim frå eg var 0 – 19 år, på Frekhaug frå eg var 31 ( og eg er meir enn 50 år ☹). Kvifor seier eg då at eg kjem frå Askim og ikkje frå Frekhaug? Dialekta er avslørande, men det er meir enn språk, det handlar om familie, minne, miljø og forteljinga om ein stad som eg er ein del av.

Men kvifor er det slik at eg ikkje kan tenke meg å flytte tilbake til Askim? Her har det skjedd ein integrasjon; å bli ein del av staden der eg bur, ta del i ulike aktivitetar, involvere seg. Så kva er det som gjør Frekhaug/Meland kommune til et sted jeg presenterer som min heimkommune? Eg er med å lage historia om staden, eg bidrar til lokalsamfunnet på ulike måtar. Og slik ønskjer vi det skal vere for dei som flyttar til kommunen vår. Kvar einskild er ein verdfull ressurs og har noko å gje til staden og samfunnet om dei vil. Kva kan vi gjere for at dei som flyttar hit kan kjenne seg velkomne og gjere kommunen til sin «eigentlege» heimstad? Kanskje det er så enkelt/vanskeleg som å bli sett?

### **Eit kulturråd i Meland – alle skal ha eit råd å forhalde seg til!**

I Meland har vi Idrettsråd og Fellestråd (for mennesker med nedsett funksjonsevne og eldre) Treng me eit kulturråd for dei andre organisasjonar i Meland? Eit råd som kan skape aktivitet og utvikle tiltak knytta til sine områder, representere dei frivillige ovanfor kommunale instansar og politiske myndigheiter, arbeide for å betre vilkåra for sine interesseområder i kommunen? Svaret var JA frå frivilligforumet. Kulturavdelinga og Frivilligsentralen jobbar vidare med saka.

### **Sommaraktivitetar for born og ungdom i Meland:**

Ein del born og ungdom reiser ikkje på sommarferie. Det kan være ulike grunnar til det - foreldre som arbeider, dårleg økonomi etc.

Det er lite organiserte aktivitetar for born og ungdom om sommaren – kan vi gjere noko med det? Kan ulike organisasjonar organisere ein eller to aktivitetar i løpet av sommaren der barn og ungdom kan melde seg på, og skal det koste noko?

Desse spørsmåla stilte me til frivilligforumet. Responsen var positiv, så dette vil vi prøve å få til.

Holsnøy Kystlag har meldt frå om at dei kan ha ein dag der barna kan lære seg å ro. Myrtveit bygdehus vil prøve å få til ein aktivitet. Vi håper fleire organisasjonar vil vere med å skape aktivitetar for barn og ungdom sommaren 2015.

Vi kan koordinere og sørge for at tilbodet kjem ut til barna og ungdommane. Ta kontakt med Frivilligsentralen!

### **Styre og leiarseminar:**

Fleire organisasjonar har etterspurt kurs for styre og leiarar. Slik det ser ut no får vi til å arrangere eit kurs i løpet av november. Vi kjem tilbake med dato og invitasjon.

### **Vil du vere med:**

- I gruppa som skal diskutere og komme med forslag til markering av Den Internasjonale Frivillighetsdagen?
- Sommaraktivitetar for born og ungdom

**Me kallar inn til nytt Frivilligforum i februar – har du / de saker som de ønskjer å lufta på møtet. Gje oss ei tilbakemelding.**

## **Ungdomsrådet i Meland**

Våren 2014 fekk Ungdomsrådet i Meland nye retningsliner, med mål om nytt råd i gang frå i haust. Ungdomsskulane vel i desse dagar totalt ni representantar, éin frå kvart klassetrinn. I tillegg skal det vere fire representantar i vidaregåande skulealder. Lag, organisasjonar og bedrifter kan nominere ungdom busett i Meland kommune som er i vidaregåande skulealder til å sitje i rådet. Eit godt og velfungerande ungdomsråd er heilt sentralt for at ungdommen sine stemmar og meiningar kan bli høyrd i Melandsamfunnet. Vi oppmodar derfor alle til å sende inn kandidatar til:

[eirik.utne@meland.kommune.no](mailto:eirik.utne@meland.kommune.no)

## **Treng din organisasjon pengar til ein aktivitet / prosjekt? Sjekk desse linkane:**

<http://www.wuerth.no/wuerth/382/wuerthfondet/> Sponsing i lokalmiljøet. Søknadsfrist 1.november

<http://www.hennig-olsen.no/kontakt/sponsing/> Dei har ikkje spesifikke kriterier. Søknadsfrist 1.november

<http://www.stormberg.com/no/om-stormberg/samfunnsansvar/stormbergstipendet/> Enkeltpersonar, fotballag, firma, burettslag eller skuleklassar kan søke. Søknadsfrist 30.november

<http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/Kultur/Tilskot-til-fartoyvern/> Fartøyvern. Søknadsfrist 1.desember

<http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/Kultur/Stonad-til-kulturverntiltak/> Kulturverntiltak. Søknadsfrist 1.desember

<http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/Kultur/tilskot-til-vern-og-voling-av-verneverdige-bygg-og-anlegg/> Vern og vøling av verneverdige bygg og anlegg. Søknadsfrist 1.desember

Beste helsing oss på kultur og Frivilligsentralen

Bente Bing Kleiva, leiar tenesteområde kultur  
tlf. 56 17 10 85, e-post: [bente.bing.kleiva@meland.kommune.no](mailto:bente.bing.kleiva@meland.kommune.no)

Nina Randal, dagleg leiar Meland Frivilligsentral  
tlf. 56 17 10 66, e-post: [nina.randal@meland.kommune.no](mailto:nina.randal@meland.kommune.no)

Eirik Utne, kulturkonsulent  
tlf. 56 17 10 59, e-post: [eirik.utne@meland.kommune.no](mailto:eirik.utne@meland.kommune.no)